sft: Informasjon

TA-nummer 2020/2004

# Plikter for verksemder som driv med vask og impregnering av oppdrettsnøter

**Regelverket om forureining fra vask og impregnering av oppdrettsnøter er frå 1. juli 2004 kapittel 25 i forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften). For verksemder som var i drift per 1. januar 2003, tek regelverket til å gjelde først frå 1. juli 2005.**

**Formålet er å hindre utslepp av miljøskadelege kjemikal og å redusere ulemper i samband med ureiningar frå verksemder som reingjer, vaskar eller impregnerer oppdretts-nøter. Det er Fylkesmannen som har mynde i ureiningssaker etter forskrifta, og det er verksemda sjølv som har ansvar for at forskrifta blir følgd.**

## Kva for plikter har verksemda?

Etter forskrifta pliktar verksemder som reingjer, vaskar eller impregnerer heile eller delar av oppdrettsnøter, å syte for at miljøskadelege kjemikal ikkje blir sleppte ut. Det er berre lov å sleppe ut kjemikal i tilsvarande mengd som i inntaksvatnet. Dersom det skjer på ein slik måte at ureininga ikkje er nemnande, er det lov å sleppe ut groingsrestar som ikkje inneheld miljøskadelege kjemikal.

Verksemda pliktar å ha dokumentasjon som viser korleis forbodet mot utslepp av miljøskadelege kjemikal blir overhalde, og ho pliktar å lagre denne informasjonen i minst fem år.

## Substitusjonsplikt

Dei impregneringsmidla som blir nytta i dag, inneheld – i tillegg til kopar – også små mengder tilsetjingsstoff, mellom anna fargestoff og hjelpestoff. Desse stoffa finst i små mengder i utsleppsvatnet og i avfallet/slammet frå notverkstadene. Tilsetjingsstoffa som blir nytta i impregneringsmiddel, er ofte miljøfarlege. Døme på slike stoff er diuron og dichlolfluanid. Substitusjonsplikta inneber at den som bruker kjemikal som kan utsetje folk for helsefare eller vere til skade for miljøet, pliktar å vurdere om det finst andre og mindre skadelege alternativ, og å nytte desse dersom det kan skje utan urimeleg skade eller ulempe.

## Vask, impregnering og behandling av avfall

Impregneringsprosessen skal normalt ikkje føre til utslepp av miljøfarlege stoff. Eventuelle restar eller søl av impregneringsmiddel skal samlast opp og brukast om att eller disponerast som farleg avfall (jf. forskrift om farlig avfall).

Vaskevatn frå vaskeprosessen må reinsast før utslepp. Det kan vere aktuelt for verksemda å bruke anten totrinns reinseanlegg med resirkulering av vaskevatnet eller sedimenteringsanlegg med restutslepp.

Det blir skilt ut slam under reinseprosessen. Innhaldet av miljøfarlege kjemikal i slammet avgjer om slammet må reknast som farleg avfall. Verksemda er ansvarleg for at produksjonsavfallet (slammet) blir frakta til lovleg avfallsbehandling, attvinning og så vidare.

Deponering av slam (våtorganisk avfall) er ikkje tillate (jf. forskrift om deponering av avfall). Slam som blir forbehandla, til dømes kompo-

*Statens forureiningstilsyn*
*Postboks 8100 Dep,*
*NO-0032 Oslo*

*Telefon: 22 57 34 00*
*Telefaks: 22 67 67 06*
*E-post:postmottak@sft.no*

*Internett:www.sft.no*
*Bestilling:*
*www.sft.no/skjema.html*

stert slik at det ikkje lenger er våtorganisk, kan derimot deponerast. Grenseverdiane for til dømes innhald av kopar (jf. forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav) er avgjerande for om slammet kan brukast til jordforbetringsmiddel. For kopar vil grenseverdiane som avgjer om slammet er farleg avfall eller ikkje, vere avhengige av kva slags koparsambindingar slammet inneheld.

Fylkesmannen kan orientere nærmare om aktuelle avfallsløysingar.

**For meir informasjon:**

Forurensningsforskriften kapittel 25 om forurensning fra vask og impregnering av oppdrettsnøter
http://www.lovdata.no/for/sf/md/td-20040601-0931-069.html

Avfallsforskriften kapittel 11 om farlig avfall
http://www.lovdata.no/for/sf/md/td-20040601-0930-052.html

Forskrift om klassifisering, merking mv. av farlige kjemikalier:
http://www.lovdata.no/for/sf/aa/xa-20020716-1139.html

Forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav:
http://www.lovdata.no/for/sf/hd/xd-20030704-0951.html

Om substitusjonsplikten:
www.sft.no/publikasjoner/kjemikalier/1715/ta1715_08.html

Statens forurensningstilsyn:
www.sft.no

Fylkesmannen:
www.fylkesmannen.no

Miljøstatus i Norge:
www.miljostatus.no